

118411555-91-200604938-53

Emne: VS: Høyring tenestedirektivet!

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Nord-Trøndelag SV [mailto:nord-trondelag@sv.no]

Sendt: 20. februar 2007 15:36

Til: Postmottak NHD

Emne: Høyring tenestedirektivet!

Hei!

Nord-Trøndelag SV har vedtatt dette om tenestedirektivet:

Krev veto mot EUs tenestedirektiv!

Heilt nødvendige tiltak mot sosial dumping, som LO krev og reg-jeringa førebur, er truleg i strid med EUs tenestedirektiv..

Mange fryktar at faget og yrket blir undergrave Dette er kanskje den mest under-vur-derte verknaden av direktivet.. I prinsippet skal alle tenester og krav til tenester i eit land gjelde i alle andre land. Noreg må lage ein rapport som går gjennom alle reglar knytte til tenestedirektivet. I utgangspunktet ser EU på alle slike reglar som skjulte handelshindringar. Derfor må Noreg dokumen-tere overfor EU at reglane er helt nødvendige og ikkje i strid med tenestedirektivet. At reglar er naudsynte, kan berre grunngjevast ut frå fire tilhøve: Omsynet til offentleg orden, folkehelse, offentleg tryggleik eller vern av miljøet. Desse fire avgrensar mykje meir enn EF-domstolen til no har hatt som praksis.

Direktivet reiser spørsmålet om det er råd å halde oppe dei landsomfattande tariffavtal-a-ne når sosial dumping får eit visst omfang. Dette gjeld sjølve grunn-laget for fagrørsla. Saka gjeld om viktige offentlege tenester skal tuftast på marknaden.

EUs tenestedirektiv set stramme grenser for norsk sjølvstyre og rettferd for arbeidstakarar. Direktivet om helse trugar prinsippet om likeverdig tilgang til helsetenester uavhengig av geografiske og sosiale skilje.

Tenestedirektivet er det mest omstridde direktivet i EUs historie. EU-landa har ikkje noko val, dei må innføre direktivet. Noreg kan bruke reservasjonsretten sin. Eit minstekrav er at det blir gjennomført ei grundig konsekvensvurdering, og at det blir gjeve god tid til det offentlege ordskiptet. Både Noreg og landa i EU har frist til 1.1.2010 for å innføre direktivet. No kører regjeringa dette som hastesak, ni vekers høyringsfrist, til 22. feb-ru-ar. LO-leiinga gjev deretter medlemmene sine fem dagar før LOs representantskap skal avgjere saka. Det finst ingen sakleg grunn til eit slikt hastverk. Alle som er i tvil om konsekvensane, må derfor krevje veto.

118411555-91-200604938-53

SV i Nord-Trøndelag krev at regjeringa brukar reservasjonsretten i denne viktige saka. Vi seier Nei til EU sitt Tenestedirektiv!

Med helsing frå

Anita Færøy

fylkessekretær

tlf. 74332970 / 41440990

www.sv.no/nord-trondelag